



Det er ein russisk familie på 8 og eit internasjonalt mannskap på 12 i lystyachten som passerte Uskedalen på veg inn Storsundet tysdag kveld.

På biletet over passerer båten Skorpo. Den la til i hamna i Rosendal. Yachten er ute på jomfruturen sin.

Båten heiter Bel Abri, er heilt ny og er registrert i Cayman Island, melder Kvinnheringen. Båten er 52 meter lang.

I føremiddag var gjestene på fisketur og fekk mellom anna ei nise i garnet.

Etter lunsj på Rosendal Turisthotell reiste selskapet med helikopter frå Fonnafly til sommarskiseret i Jondal og boltra seg på ski før turen gjekk attende til diverse arrangement i Rosendal.

Båten forlet Rosendal i morgon tidleg.

(Foto: Ola Matti Mathisen)